



Haugland Maskin i gang med grundige førebuingar for asfaltleggjinga. Lengst til høgre ein fornøgd oppsittar - Alf Eidsvik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Han kjem 30 år for seint, seier Alf Eidsvik om storhendinga i Skårhaug onsdag: Då kjem asfalten, i alle fall på delar av vegnettet og etter initiativ frå og organisering av Skårhaug Vel.

- Alf har i mange år vore ein pådrivar for asfaltering, seier leiar Jan Henrik Hansen, som opplyser at prosjektet vart starta i fjor med at drenskummane vart lagt ned.

Tysdag var det klart for neste skritt.

Haugland Maskin, som har fått denne entreprisen, gjennomfører førebuingane til asfaltleggjinga på eit svært profesjonelt vis. Onsdag kjem så firmaet NCC og legg det etterlengta, svarte dekket.

Det skal i denne omgongen leggjast 80 meter asfalt oppover Skårhaugvegen, det vil seia frå riksvegen og forbi den skarpe svingen.

Vidare skal det asfalterast stikkvegar inn til Hans Gustav Musland, Alf Eidsvik, Nils Haugland og Ragnhild og Svein Myklebust.

Asfaltleggjinga vil kosta nær 40.000 kroner pluss moms, men den samla kostnaden når også førebuingane blir rekna inn kjenner ikkje vel-leiinga. Kostnaden skal delast på dei 12 oppsittarane.

Og så spør det om det blir lagt meir asfalt i Skårhaug neste år...

Av Ola Matti Mathisen